

# HYRDTINGEN

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Kyrkjebladet Hyrtingen** kjem nå med sitt første nummer for 2016. Som vanleg legg me også ved ein bankgiro slik at ein kan gje ei gåve til drifta av kyrkjebladet.

Som dei fleste vil kjenna til går bladet gratis til alle husstandar i kommunen og me har god grunn til å tru at mange les bladet og set pris på det stoffet dei finn der. Me ynskjer også å takka alle som støtta bladet med si gåve i året som gjekk.

Som i dei seinare år har me vald å be om kr 275,- som frivillige bladpengar. Men som vanleg står det den einskilde fritt til å setja ein annan sum på bankgiroen.

## **Abonnentar utanfor kommunen**

Dei som bur andre stader enn i Vindafjord kan også motta Hyrtingen i posten, når dei betalar bladpengar. Hugs då namn på giroen.

*Med helsing Hyrtingen v/redaksjonsnemnda*

Bladpengar

Kyrkjebladet Hyrtingen  
Postboks 6  
5574 Skjold